

Fra: Synnøve Marie Vik (synnove@kabuso.no)
Sendt: 01.06.2015 10:38:53
Til: Fylkesordførar
Kopi: Rune Haugsdal; Anna Elisa Tryti; Ronny Skaar

Emne: Vitje Kabuso i høve Fylkestingsmøtet i Norheimsund?
Vedlegg: image001.jpg;Munch_flyer_A5.pdf;Munch forside.jpg
Kjære Tom Christer Nilsen

Kunsthuset Kabuso i Øystese er Hordaland Fylkes sin tusenårsstad, og me kan ikkje la høvet til å invitere Fylkestinget til Kabuso gå frå oss, når de no kjem til Hotel Sandven i Norheimsund neste veke.


Laurdag opna me utstillinga «Edvard Munch – Natur og kjensle», kuratert og produsert av Kabuso, med verk innlånt frå Munchmuseet. Me vil gjerne få gje alle som deltek på Fylkestinget ei omvising i utstillinga, dersom de kan finne tid til dette.

9.juni høver best for oss, då Universitetet i Bergen har eit heildagsarrangement hos oss 10.juni. Men me skal nok få til den dagen óg, om det høver best for dykk.

Eg vonar dette er noko de kan ha lyst til å få med dykk.

Med vennleg helsing

Synnøve Marie Vik
Fagleg leiar / Artistic Director

 Kabuso til signatur

Tlf: +47 47 47 99 83 / +47 97 14 47 41
www.kabuso.no